

Melding om køyretøy som skiftar eigar



Statens vegvesen

For å levere salsmelding på nett, sjå vegvesen.no/dinside

Skal fyllast ut og leverast til ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar innan tre dagar etter eigarskiftet, jf. § 2-27 i forskrift 25. januar 1990 nr. 92 om bruk av kjøretøy. Felt merka med * må fyllast ut.

Viktig! Skjemaet må vere utfyllt før innlevering til trafikkstasjonen.

Kjennemerke*

OBS! Tidlegare eigar har ansvar for at melding om eigarskifte blir innlevert.
OBS! Kjøpar må forsikre køyretøyet. Det reknast gebyr viss køyretøyet ikkje er forsikra av kjøpar seinast 3 dagar frå og med dagen salsmeldinga leggjast inn i Det sentrale motorvognregisteret. Overstrykingar i utfylte felt godtakast ikkje.

Tidlegare eigar sitt fødselsnr. (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)*	
Tidl. eigar sitt namn*	
Tidl. medeigar sitt fødselsnr. (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)	
Tidl. medeigar sitt namn	
Merke (sjå ev. vognkort)*	Køyretøygruppe (sjå ev. vognkort)
Registreringsår/årsmodell (sjå ev. vognkort)	Understell nr.* (sjå ev. vognkort)
Tidlegare eigar sitt tlf.nr./e-post adr.	Tidlegare medeigar sitt tlf.nr./e-post adr.

Ny eigar sitt norske fødselsnr. (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)*	
Ny eigar sitt namn*	
Ny eigar si adresse*	
Ny medeigar sitt norske fødselsnr. (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)	
Ny medeigar sitt namn	
Målform	Ny eigar sitt yrke/næring
Ny eigar sitt tlf.nr./e-post adr.	Ny medeigar sitt tlf.nr./e-post adr.

.....
Dato for eigarskifte

.....
Signatur til tidlegare eigar

.....
Signatur til tidlegare medeigar

.....
Signatur til ny eigar, ev. verjer

.....
Signatur til ny medeigar, ev. verjer

Etter eigarskiftet må køyretøyet så snart som råd registrerast på den nye eigaren, eller kjennemerke må leverast/sendast til ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar. Køyretøyet må ikkje takast i bruk før det er registrert på den nye eigaren.

Vend!

Du må legitimere deg ved kjøp og sal av køyretøy

Viss du brukar salsmelding på papir, må du legitimere deg ved oppmøte på trafikkstasjonen. Du kan også legitimere deg gjennom digital pålogging (ID-porten) ved å levere salsmelding på nett, sjå vegvesen.no/dinside.

Om seljar eller kjøpar nyttar salsmelding på papir, kan den andre parten i dei fleste høve likevel nytte salsmelding på nett. Sjå meir om dette på vegvesen.no.

Forsikring

Hugs at du som kjøpar må forsikre køyretøyet allereie frå vedtaksdatoen. Vedtaksdatoen er den dagen salsmeldinga blir registrert i våre system av saksbehandlar på trafikkstasjonen. Har du ikkje forsikring innan tre dagar frå og med vedtaksdatoen, vil du få gebyr for kvar dag køyretøyet er uforsikra. Dersom de vel å sende digital salsmelding, blir vedtaksdato den dagen salsmeldinga blir godkjent av alle paratar.

Dette må du hugse før du registrerer køyretøyet

Salsmelding og omregistrering gjennomførast raskt, sikkert og enkelt på vegvesen.no/dinside.

Melding om eigarskifte må vere fullstendig utfyllt. Melding om eigarskifte **leverast til** ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar **seinast tre dagar etter at eigarskiftet har funne stad**.

Når melding om eigarskifte er teken imot på trafikkstasjonen, får ny eigar informasjon om kva som må ordnast før omregistrering kan finne stad, samt betalingsinformasjon for betaling av omregistreringsavgift. På betalingsinformasjonen står ny eigar sitt namn og adresse, kjennemerke, beløp og KID-nummer. Viss køyretøyet er avregistrert, blir det ikkje sendt betalingsinformasjon til ny eigar.

Dersom tilsendt betalingsinformasjon nyttast ved betaling, vil motorvognregisteret (Statens vegvesen) ta imot elektronisk melding når beløpet er godskrive konto hos Skatteetaten. Hugs å oppgi KID ved betaling i bank/nettbank.

Når alle andre forhold i samband med omregistreringa er ordna, vil nytt vognkort bli tilsendt per post. **Denne prosessen tek fire til sju vorkedagar.**

Omregistrering på dagen

Viss du ynskjer å omregistrere køyretøyet med det same, kan du betale med VISA/ Master- Card debetkort (ikkje kredittkort) ved å logge deg inn i sjølvbeteningsløysinga på Di side på vegvesen.no.

Viss du har oppfylt alle krava til registrering kan du få mellombels vognkort same dag på trafikkstasjonen, eller laste det ned frå [Di side på \[vegvesen.no\]\(http://vegvesen.no\)](http://Di%20side%20p%C3%A5%20vegvesen.no).

Kven køyretøy skal registrerast på

Køyretøy skal registrerast på eigaren av køyretøyet. Viss køyretøyet har to eigarar, skal begge signere melding om eigarskifte og legitimere seg. Dei blir då registrert som eigar og medeigar i motorvognregisteret. Berre personar med norsk fødselsnummer, godkjent D-nummer eller verksemder med norsk organisasjonsnummer kan registrerast som eigar av eit køyretøy.

Dersom køyretøyet seljast til person/føretak utan norsk fødselsnr./organisasjonsnr./ D-nr., må kjennemerka vere innlevert til ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar.

Viss køyretøyet seljast til mindreårig eigar, må begge verjene signere og legitimere seg. Viss den mindreårige er 12 år eller eldre, må han/ho signere saman med verjene. Dersom den mindreårige er under 12 år er det ikkje krav til underskrift frå den mindreårige.

Det reknast gebyr for uforsikra motorvogn viss kjøpar ikkje forsikrar køyretøyet seinast 3 dagar frå og med dagen salsmeldinga blir registrert.

Seljar har ansvar for at forsikringspliktig køyretøy er forsikra til og med dagen før salsmeldinga blir registrert.

Adresser til trafikkstasjonane kan finnast på www.vegvesen.no/trafikkstasjoner

Det er ikkje mogleg å ordne med omregistrering og vognkort på Lillestrøm trafikkstasjon, sidan dei ikkje har tenester for køyretøyregistrering.

Statens vegvesen handsamar personopplysingar om deg. Opplysingane registrerast i Det sentrale motorvognregisteret. Føremålet med handsaminga er å forvalte regelverk for godkjenning og registrering av køyretøy. Les meir om rettane dine i Statens vegvesen si personvernerklæring på vegvesen.no

Hugs at køyretøyet ikkje kan nyttast før du har teke imot vognkortet!